



HAREID KOMMUNE

# VEDLEGG A:

## ROS-analysen sine konsekvensar for arealdelen.

### Kommuneplanens areal del 2020-2032

PlanID: 20160004

#### Samandrag

Dette vedlegget er eit supplement til den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen for Hareid kommune frå 2016. Vedlegget er utarbeidd for å setje fokus på konkrete avbøtande tiltak knytt til eventuelle negative konsekvensar av nye utbyggingsområder. Den heilskaplege ROS-analysen vert følgt opp gjennom implementering av tiltak frå dette dokumentet.

Godkjent av Hareid  
kommunestyre xx.xx.20xx,  
sak





## ROS-analysen sine konsekvensar for arealdelen

Arealplankartet og føresegnerne er dei juridisk bindande dokumenta i kommuneplanens arealDEL.

ROS-analysen vil difor verte følgt opp gjennom implementering av tiltak i desse dokumenta.

Det er utarbeidd ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for Hareid kommune i 2016. I dette dokumentet vert den heilskaplege ROS-analysen sett i samanheng med arealdelen.

Kvart av emne vert teke opp og vurdert knytt til avbøtande tiltak som kan gjerast i kommuneplanens arealDEL. Tabellen nedanfor viser kva for avbøtande tiltak som er kartlagt, og om disse er teke i vare ved rulleringa av kommuneplanens arealDEL.

Dette dokumentet viser konkrete avbøtande tiltak i forhold til eventuelle negative konsekvensar av nye utbyggingsområder kjem fram i konsekvensutgreiinga.

**Plan- og bygningslova har følgjande verkemiddel for å ta i vare samfunnssikkerheita i planlegginga:**

- Arealføremål
- Omsynssoner
- Føresegner

**Arealføremål** seier med rettsleg bindande verknad kva arealet kan nyttast til. Arealformålet visast på kart.

**Omsynssoner** skal vise omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av arealet.

Omsynssonene er ei sone der ein må ta spesielle omsyn, eller der ein må vurdere ulike farar før eventuell utbygging. Det er fleire typar omsynssoner, men dei sentrale i ROS-samanhang er sikrings- og faresoner. Omsynssonene skal visast i kart, og det skal visast kva føresegner som tek i vare omsynet sonen viser.

**Føresegner** kan gjelde heile eller delar av kommunen, eller giast til spesifikke arealformål. I føresegna knytt til kommuneplanens arealDEL 2020-2032 vert det i del 1 stilt generelle krav uavhengig av arealformål, medan i del 2 vert det stilt spesielle krav for kvart arealformål, hovudformål og underformål. Føresegner sei med rettsleg bindande måte kva vilkår eit tiltak må oppfylle for at det skal kunne gjennomførast.



Som førebyggande tiltak føreslåast det å innarbeide følgjande konkrete føringer i arealdelen:

EMNE	AVBØTANDE TILTAK I AREALPLANEN	IVARETEKE I FØRESEGNA
<b>NATURRISIKO</b>		
Skredfare	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Faresone for skred- og ras med tilhøyrande føresegner.</li> <li>❖ Krav om at tiltak etter PBL ikkje kan gjennomførast utan fagkyndig vurdering av farenivå.</li> <li>❖ Sikringssone for bevaring av skog i Brandal jf. Rapport om faresonekartlegging.</li> <li>❖ Areal avsett og lagt til rette for fangvoll av lausmasser jf. Rapport om faresonekartlegging.</li> <li>❖ Ustabil grunn er eit vurderingskriterium i ROS-sjekklista frå Fylkesmannen. Sikkerheit mot ustabil grunn vurderast difor i forbindelse med reguleringsplanar i område med marine avsetningar.</li> </ul>	✓ sjå §26.1.4 ✓ sjå §26.1.4 ✓ sjå §26.1.4 ✓ sjå §26.1.4 ✓ sjå §12
Flaum	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Langs vassdrag skal naturverdiar og friluftsinteresser ivaretas.</li> <li>❖ Krav om overordna vass- og avløpsplan ved regulering.</li> <li>❖ Krav om at overvatn skal i størst mogleg grad handterast lokalt.</li> </ul>	✓ sjå §25.1 ✓ sjå §17 ✓ sjå §16
Stormflo	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Reguleringsplanar og tiltak som ligg på eller lågare enn NN 2000 kote 2,8, skal planleggast og utformast slik at tilstrekkeleg sikkerheit oppnåast. Behov for risikovurderande tiltak skal alltid vurderast.</li> </ul>	✓ sjå §18
Flodbølgje frå Åknes	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Krav om dokumentasjon av sikkerheit for reguleringsplanar som ligg innanfor sone for oppskylling frå flodbølgje, samt krav om nødvendige omsyn knytt til enkelt-tiltak som ikkje er vurdert opp mot faresone i plansamanheng. Prognosar og analyser som ligg til grunn skal takast omsyn til.</li> </ul>	✓ sjå §§ 18.1 og 26.1.5
Sterk vind	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Gjeldande lover og føreskrifter sikrar at nye bygg skal tote ekstremvêr.</li> </ul>	
Brann	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.</li> </ul>	
Radon	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.</li> </ul>	





## VERKSEMDRISIKO

Fare for brann eller eksplosjon	❖ Ved planar om utbygging i nærleiken av verksemder med fare for brann eller eksplosjon må risikoen vurderast. Det må også vurderast om utbygging i nærleiken av slike verksemder vil avgrense vidareutvikling av desse anlegga. Vurderingar må gjerast i reguleringsplan.	✓ sjå §2
Forureining	❖ Alle tiltak skal planlaggast og gjennomførast slik at forureining frå grunnen ikkje kan føre til helse- eller miljøskade.	✓ sjå § 8
Transport av farleg gods	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Avfallsdeponi	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Demningsbrot	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Elektromagnetisk stråling	❖ Risiko må vurderast i reguleringsplan dersom ein planlegg lokalisering av bygg nær høgspenttrase, dette for å sikre minimumsavstandar til busetnad.	✓ sjå §2
Trafikktryggleik	❖ Krav om at utbygging i område som er sett av til byggjeformål ikkje kan skje før godkjende tekniske anlegg er etablert – rekkefølgjekrav – med mål om å ta vare på trafikktryggleiken.	✓ sjå §2
Skipsfart	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Kriminalitet og terror	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	

## SÅRBARE OBJEKT

Natur	❖ Bandlegging av områder etter naturmangfaldlova (Grimstadvatnet, Alstranda og Hjørungdalsvatnet).	✓ sjå §26.3.1
-------	--	---------------



Kulturminne	❖ Omsynssoner knytt til automatisk freda kulturminne med fredingsareal og eventuelle fastsette grenser for kulturminne i reguleringsplanar samt føresegner knytt til dette.	✓ sjå §26.3.2
Offentlege bygg	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Epidemi og pandemi	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Knutepunkt i trafikken	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
El-forsyning	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Tunnelar og bruer	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Drikkevassforsyning	❖ Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatn med tilhøyrande føresegner.	✓ sjå §26.1.1
Avløp	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
<b>BEREDSKAPSTILTAK</b>		
Utrykningstid	❖ Ingen konkrete tiltak nødvendig i arealplanen.	
Sløkkjevasskapasitet	❖ Krav til reguleringsplan for nye bustadområde, pålagt med like vurderingar.	✓ sjå §2